

Om valkamp på Øysenteret – og om å pakke saman

LESARBREV**OLAV SINDRE ROALD**Varaordførar og ordførarkandidat,
Tverrpolitisk liste for Giske

Øy-Blikk gjorde eit nummer av at då dei kom til Øysenteret for å lage re-

portasje om valkampopninga 22. august, hadde Tverrpoltisk (TLG) "like godt pakka saman for dagen."

Fleire dagar før dette hadde TLG allereie hatt representantar mange stader i kommunen

og hadde møtt mange potensielle veljarar. På Øysenteret blei det vel mykje ballongar og kulepennar, roser og mat, men ikkje så mange å gje frå seg informasjon til. Difor flytta vi oss like godt til Rema

1000, der vi møtte mange innbyggjarar, og fekk mange gode samtaler.

TLG vil bruke alle ressursar så hensiktsmessig og effektivt som mogleg, også eigne valkampressursar. Slik vil vi

også tenke når vi kjem inn i kommunestyret.

Øy-Blikk gjorde kanskje eit aldri så lite overtramp her, ettersom dei ikkje undersøkte saka betre.

